



Høyanger kommune

Ordføreren

postmottak@oed.dep.no

Høyanger, 27.02.23

Høyringsuttale forslag til endring i energiloven og plan- og bygningsloven

Viser til oversending av framlegg til endringar i energilova og plan- og bygningslova kring prosessar knytt til vindkraft på land.

Departementa sitt framlegg inneber at det skal gjerast ei overordna avklaring av arealbruk etter plan- og bygningslova gjennom områderegulering før det vert gitt konsesjon etter energilova. Føremålet er å styrke kommunen si rolle i planlegging og utbygging av vindkraft på land. Det er også eit mål om effektive og ressurs sparinge prosessar som bidreg til å redusere konfliktnivå, og som vil gi grunnlag for vidare utbygging av vindkraft. Utbygging av vindkraft er viktig for å styrke kraftbalansen og nå dei nasjonale klimamåla.

Departementa føreslår følgjande endringar knytt til utbygging av vindkraft:

- Endring i energilova § 2-2; Konsesjon for vindkraft på land kan ikkje lenger bli gitt før tiltaket er planavklart etter plan og bygningslova. Hovudregelen er at dette skjer gjennom vedtak av områderegulering, som skal vere på eit overordna nivå. Detaljert planlegging skjer gjennom konsesjonshandsaming, og etterfølgjande detaljplan etter energilova. Det vert ikkje stilt krav om samstundes handsaming av desse to prosessane, men det vert lagt opp til at slik samordning kan skje der dette er føremålstenleg.
- Endring i plan- og bygningslova § 3-7; Etter samråd med kommunen kan konsesjonsmyndigheit for vindkraft etter energilova (NVE) sende områderegulering for vindkraft på høyring og til offentleg ettersyn. Endringa er grunngeve med effektivitetsomsyn og at kommunar med ressursutfordringar kan overlata delar av arbeidet til konsesjonsmyndigheitene. Kommunen er framleis planmynde, og dei vanlege reglane for planlegging etter plan- og bygningslova gjeld.
- Endring i plan- og bygningslova § 6-4; Statleg arealplan skal ikkje lenger gjelde for vindkraft på land. Endringa inneberer at Olje- og energidepartementet ikkje lenger kan avgjere at konsesjon for vindkraft skal ha verknad som statleg plan. Statleg arealplan for vindkraftanlegg skal følgje dei ordinære avgjerslene for statleg arealplan i pbl. § 6-4.
- Endring av plan- og bygningslova § 12-1; Krav om områderegulering for konsesjonspliktige vindkraftanlegg på land. Områderegulering skal vere overordna, og

detaljnivået skal avgrensast til overordna arealmessige føresetnadar som er relevant for kommunen si avgjerd om arealbruk. Det kan dispenserast for krav om områderegulering der overordna arealmessige føresetnadar er utgreia og avklara på same detaljnivå som områdereguleringsplan i anna plan, t.d. kommune(del)plan).

- Endring i plan og bygningslova § 12-2: Kommunane får rett til å krevje at private kan utarbeide områderegulering for vindkraftanlegg. Etter dagens reglar kan ikkje kommunen pålegge andre mynde eller private å utarbeide områderegulering. Intensjonen med endringa er, at i dei tilfelle det føreligg ein konkret tiltakshavar, kan kommunen be denne om å sette i gang områderegulering for å avklare om det kan gjennomførast vindkraftutbygging. Ved at reglane for private planforslag vert gjort gjeldande for slike områdereguleringar, vil mellom anna reglane om oppstartfase og tidsfristar gjelde. Kommunane kan etter dette avgjere om eit forslag til område-regulering for vindkraft kan stoppast allereie i oppstartfasen.
- Som følgje av at tilgangen til å gje ein vindkraftkonsesjon verknad som statleg plan vert oppheva, vert det foreslått ein ny § 12-18 som avgrensar tilgangen til å oppheve eller endre områderegulering for vindkraftanlegg, der det er søkt om konsesjon etter energilova.

For Høyanger kommune, saman med Sunnfjord kommune, er dei framlagde endringane av stor interesse då ei utbygging av vindmøllepark på Snøheia er eit særskilt aktuelt tema.

Ordføraren har, saman med administrasjonen, lese forslaget til endringar, og vil komme med følgjande kommentarar til endringsframlegget;

- Det er positivt at det vert innført eit krav om arealavklaring etter plan og bygningslova med kommunen som planmynde, før det kan bli gitt konsesjon etter energilova. Slik vert kommunen si rolle styrka. Ein meiner likevel at framlegg til endringar ikkje er klare nok, og at det er naudsynt å vere meir presis med omsyn til kva som skal avklarast etter plan og bygningslova, og kva som skal avklarast etter energilova. Det må også kome meir tydeleg fram kven som skal ha ansvar og mynde i dei ulike fasane knytt til planlegging og utbygging av vindkraftanlegg.
- Høyringsnotatet gir ikkje tilstrekkeleg avklaring på kva som kan inngå i ein områdereguleringsplan. Det er i høyringsnotatet presisert at områderegulering skal vere overordna og at detaljnivået skal avgrensast til overordna arealmessige føresetnadar som er relevant for kommunen si avgjerd om arealbruk. Kva inneberer dette?

Det er i høyringsbrevet sagt at mål om effektive og ressursparande prosessar som bidreg til å redusere konfliktnivået er eit viktig omsyn i endringsforslaget. Ein detaljreguleringsplan etter plan- og bygningslova er ein plan for gjennomføring av bygge- og anleggstiltak, og difor ein viktig del av arealavklaringa, og avgjerande for om kommunen kan slutte seg til den aktuelle utbygginga. Vi stiller difor spørsmål om ei lovendring der kommunane får ei avgrensa mynde knytt til arealbruk er med å sikre nødvendig tillit og føreseielege prosessar, og dermed reduserer konfliktnivået kring vindkraftutbyggingar?

Høyanger kommune meiner at avklaringar i detaljplanlegginga er viktig for ei heilskapleg og samfunnsmessig arealplanlegging, og difor må dette avklarast etter plan og bygningslova, der kommunen er mynde. Dei samfunnsmessige vurderingane bør vere koplede til planavklaring, og ikkje til NVE si handsaming av konsesjon.

- Lovforslaget legg opp til at NVE i samråd med kommunen kan sende område-regulering for vindkraft på høyring og til offentleg ettersyn etter plan- og bygningslova. Endringsforslaget slik det er lagt fram er uklår kring oppgåvefordeling, ansvar og mynde. Kven har mynde til å gjere vedtak med omsyn til når og om ein plan skal leggst ut til offentleg ettersyn og høyring? Det vil vere utfordrande viss NVE til dels får ei rolle der dei både opptrer som planmyndigheit og konsesjonsmyndigheit. Det bør difor gjerast meir tydeleg i endringsforslaget at «samråd» betyr at kommunane skal samtykke.

Vi er einig i at det kan vere ressurskrevjande for mindre kommunar å handsame vindkraftsaker etter plan- og bygningslova, men vi meiner at plan og bygningslova er eit godt verktøy for medverknad, samhandling og samordning. Høyanger kommune støttar difor KS sin uttale der departementa vert bedt om å vurdere å styrke samhandlingsprosessane i plan- og bygningslova og energilova for å unngå dobbelthandsaming, og behalde arealplanlegging i plan- og bygningslova.

Vi støttar også KS sitt syn og er skeptisk til å gi NVE eit utvida mynde på planområdet og etter plan- og bygningslova.

Høyanger kommune støttar seg elles til KS sin uttale og nemner spesielt følgjande punkt;

- Konsesjon etter energilova bør avgrensast til forhold om produksjon og distribusjon av elektrisk kraft, her under tilsyn med anlegga.
- Vi har ikkje innvendingar til at det ikkje vert gjort framlegg om endringar i energilova utover at det vert stilt krav om planavklaring før konsesjonsvedtak.
- Det er ikkje gjort greie for kvifor det blir gjort framlegg om at arealavklaring skal skje som områdeplan, og ikkje kommunedelplan. Dette må det bli gjort nærmare greie for.
- Det må avklarast om ein områdeplan gir heimel til å ekspropriere.
- Det må avklarast om planområde og konsesjonsområde skal vere identisk, eller om eit planområde skal avgrensast til området der det vert gjort inngrep.
- Kva som ligg i «de overordnede arealmessige forutsetningene» må avklarast meir tydeleg.
- Kommunen må ha eit minimum av mynde på eit tilstrekkeleg detaljnivå for slik å kunne løyse lokale konfliktpunkt, og å ha styring på den kommande utbygginga.
- Avgjerslemynde for å kunne stille krav om utarbeiding av områdereguleringsplan må ligge til kommunen.
- Reglar for samordning mellom reguleringsplanprosess for vindkraft og konsesjonshandsaming bør skje ved lov, og ikkje avklarast i forskrift i etterkant av vedteken lovendring.
- I samband med at kommunen kan krevje at private utarbeider framlegg til områdeplan for vindkraftanlegg, må det kome klart fram at kostnadene skal dekkast av den private.
- Med omsyn til avgrensing av kommunen sin moglegheit til å endre ein område-reguleringsplan ber ein departementa vurdere eit alternativ som ikkje overstyrer kommunen ved å innføre krav om samtykke frå departementet.

Med helsing



Petter Sortland
ordførar